



Arkivsaknr.:  
2016000813-2

Arkiv  
K1 - 241, K3 - &00

Sakshandsamar  
Martin Hendriks,

Dato  
19.09.2016

## **Johs. Vinjum minnelegat - reviderte vedtekter**

### **Johs. Vinjum minnelegat – vedtekter 22.12.1992, revidert d.d. 10.08.2016**

#### §1

Legatet sitt namn er Johs. Vinjums minnelegat, opretta av Aurland kommune

#### §2

Legatet sin grunnkapital ved oppretting er kr. 250.000,-

#### §3

Legatet sit føremål er ved stipend å innby kunstnarar innafor visuell kunst til bu- og arbeidsopphald i Aurland.

Som mottytting skal stipendmottakar leggja att eitt kunstarbeid som skal tilfalla Aurland kommune og brukast slik legatstyret bestemmer.

#### §4

Legatet skal ha eit styre på 3 medlemmar, valde av kommunestyret for den kommunale valperioden.

#### §5

Det skal oppnemnast ein stipendjury på 5 medlemmer, samansett av legatstyret, eit medlem valt av det kommunale kulturutvalet og eit fagjurymedlem valt av styret i samarbeid med fagmiljøet (t.d. musea i Sogn og Fjordane, høgskulemiljø eller Universitet i Bergen).

#### §6

Legatet sin grunnkapital skal stå urørd. Av årleg avkastning skal minst 10% tilførast grunnkapitalen. Av resten skal det lysast ut eitt stipend annakvart år, så langt avkastninga er tilstrekkeleg for å kunne utlyse stipendet.

#### §7

For offentleg stadfesting, rekneskap og revisjon, omgjering, eller anna som ikkje er nemnt i vedtektene, gjeld Stiftelsesloven LOV-2001-15-59, med endringar LOV-2015-03-13-12 og LOV-2015-06-19-65.

Martin Hendriks  
Tenesteleiar for kultur